

# Styrka samarbeid om arbeid og helse i Vestland

**Samarbeid rundt pasientar med behov for samtidige helse- og arbeidsretta tenester er på plass i heile Vestland. Fastlegar kan tilvisse pasientar til fysikalsk medisinsk poliklinikk for utgreiing, avklaring og behandling.**

Muskel- og skjelettplager og alminnelege psykiske helseplager står for 60% av sjukefråværet i Noreg. Mange grep for å gjere noko med dette er prøvd ut dei siste 10-20 åra. Eit av dei var kjøp av helsetenester, kjent som Raskare tilbake-ordninga. Midlane og ansvaret vart i 2018 overført frå NAV til Helseføretaka. Etter 2018 er satsinga og samarbeidet mellom helseføretaka og NAV blitt vidareutvikla. I dag er det etablert samarbeid mellom alle helseføretaka i Noreg og NAV gjennom samarbeidsmodellen HelseArbeid.

Samhandlingsmodellen HelseArbeid<sup>1</sup> består av to delar. Den eine delen er ein helsefremmande og førebyggjande del for alle tilsette i utvalde verksemdar. Fagfolk frå helseføretaket formidlar oppdatert helsekunnskap om dei vanlegaste helseplagene og NAV jobbar med arbeidsmiljøutvikling inn i verksemdene. Målet er at ein gjennom dette kan bidra til at fleire tek gode grep tidleg og at fleire tilsette kan vere i arbeid på tross av helseplager. Dette tilbodet er til verksemdar i Helse Førde og Helse Bergen sine nedslagsfelt. Den andre delen er eit samarbeid for pasientar med behov for samtidige helse og arbeidsretta tenester.

## MÅLGRUPPE

Målgruppa er personar med muskel- og skjelettlidingar, eller personar med samtidig muskel- og skjelettliding og vanlege psykiske lidningar, der plagene gir redusert funksjonsevne eller fare for funksjonsfall. Tilbodet er for arbeidstakarar og for dei som er i skule- og utdanningsløp, som er sjuke-

meldte, delvis eller heilt, eller står i fare for å bli sjukemeldt, eller har gjentakande sjukemeldingar.

Både helsetenesta og NAV har utfordringar med å møte denne brukargruppa på ein heilskapleg måte. Mange rapportar som er kome dei siste åra peikar på at vi må få til betre tenestehandling mellom dei ulike delane av helsevesenet og NAV for å løyse desse komplekse og samansette utfordringane på ein betre måte. Den nye strategien for fagfeltet



**Arbeid og helse** er det omgrepet som vert nytta nasjonalt for heile fagområdet.

**HelseArbeid:** Todelt nasjonal samarbeidsmodell mellom helseføretak og NAV. Helsefremmande og førebyggjande kunnskapsformidling og arbeidsmiljøarbeid i arbeidslivet, samt samtidig, heilskapleg tilnærming og arbeidsretting i utgreiing og avklaring.

**Helse og arbeid:** Omgrep som brukast i helseføretaka om arbeidsretting, samtidig og heilskapleg tilnærming i behandling.



**REIDUN EGGESBØ**  
HelseArbeid koordinator,  
NAV Arbeidslivssenter Vestland  
reidun.eggesbo@nav.no



**CAMILLA ASK**  
Fysioterapeut, Avdeling for fysikalsk  
medisin og rehabilitering,  
Haukeland universitetssjukehus  
camilla.ask@helse-bergen.no



**INGRID BLØ OLSEN**  
Psykologspesialist og teamleder  
for Helse og arbeid, Bjørgvin DPS,  
Haukeland universitetssjukehus  
ingrid.blo.olsen@helse-bergen.no

Arbeid og helse (2021) og tidlegare rapportar<sup>2,3</sup> peikar mellom anna på viktigheita av å ta verknadsfulle grep tidleg og det å utvikle og vidareutvikle samhandlingsmodellar.

Langvarig sjukmelding er ein sterk prediktor for varig uførheit og sannsynet for å kome attende i arbeid og skule avtek dess lenger ein er ute av arbeidslivet. Forsking<sup>4</sup> viser og at det er viktig å kome i gang med behandling innan 2-4 månader, fordi nytteverdien då er størst. Tidleg tilvising til spesialisthelsetenesta kan både gi raskare avklaringar og bidra til raskare retur til arbeid.

## KVA INNEHELD TILBODET?

Pasientane som er i målgruppa kan tilvisast til fysikalsk medisinsk poliklinikk for utgreiing og avklaring. Poliklinikkane er tverrfaglege med spesialist i fysikalsk medisin og rehabilitering, fysioterapeut og eventuelt sjukepleiar eller sosionom. I alle poliklinikkane er det etablert eit tett samarbeid mellom fagpersonane i helse og NAV. I poliklinikken i Helse Bergen og i Helse Fonna er det etablert samarbeid med DPS. Både psykolog og veileदारar frå NAV er regelmessig til stades i poliklinikkane og pasientane får raskt bistand hjå desse ved behov.

Ved behov, får aktuelle pasientar tilbod om oppfølging individuelt eller i gruppe. Sjø beskrivinga av tilboda på heimesidene til dei ulike helseføretaka<sup>5-7</sup>. I Bergen kan pasientar med indikasjon på behandlingstrengande angst, depresjon eller utbrentheit også få

eit tilbod om arbeidsretta behandling ved Tertnes allmennpoliklinikk. Her vil pasientane kunne få jobbfokusert terapi, som forskning viser kan hjelpe dei tilbake i jobb.

Vi opplever at arbeidsretting, samlokalisering, samtidighet, tverrfagleg og tverretatleg samarbeid fører til meir effektive pasientforløp, og at dette kan bidra til raskare retur til arbeid for fleire. Denne delen av HelseArbeid blir forska på ved Nordlandssjukehuset. Om samarbeidet mellom fysikalsk medisinsk poliklinikk, psykisk helse og NAV gir effekt, vil vi få svar på når resultatane frå forskinga kjem. For meir info om dette, sjå [www.hianor.no](http://www.hianor.no).

## LITTERATUR:

1. En kort introduksjon til HelseArbeid - HelseDirektoratet [Internet]. [cited 2023 Feb 7]. Available from: <https://www.helsedirektoratet.no/brosjyren/en-kort-introduksjon-til-helsearbeid>
2. Helsedirektoratet, NAV. Rapport IS-2811: Tilstand og utfordringer på arbeid-helseområdet. 2019 [cited 2023 Feb 7]; Available from: [www.helsedirektoratet.no](http://www.helsedirektoratet.no)
3. Helsedirektoratet, Arbeids- og velferdsdirektoratet. Rapport IS-3023: Arbeids- og velferdsdirektoratet Strategi for fagfeltet Arbeid og Helse Arbeids- og velferdsdirektoratet og Helsedirektoratet. 2021;
4. De regionale helseforetakene. Prioritering av arbeidsrettet behandling i spesialisthelsetjenesten: Rapport fra interregional arbeidsgruppe. 2020;
5. HelseArbeid - Helse Bergen [Internet]. [cited 2023 Feb 7]. Available from: <https://helse-bergen.no/helsearbeid>
6. Helse i arbeid - Helse Fonna [Internet]. [cited 2023 Feb 7]. Available from: <https://helse-fonna.no/avdelinger/stord-sjukehus/avdeling-for-rehabilitering/helse-i-arbeid>
7. Helse i arbeid - Helse Førde [Internet]. [cited 2023 Feb 7]. Available from: <https://helse-forde.no/om-oss/rettar-og-moglegheiter/helse-i-arbeid>